



Rådgivende Biologer AS v/Geir Helge Johnsen
Bredsgården, Bryggen
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7055 - 15/9576

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
27.04.2015

Stein- og jorddeponi gbnr103/2 Fjellanger. Tinging av plan for å hindre eventuell avrenning til Vågseidvatnet.

Syner til epost datert 15.04.2015 og til telefonsamtale 27.04.2015.

På vegne av grunneigar til gnr.103 bnr.2 – Nils Markus Bakke, og i samråd med leiar for teknisk drift i Lindås kommune – Arne Eikefet, føl her tinging av konsulentbistand frå Rådgivende Biologer AS.

Oppdraget omfattar følgjande:

- 1)Synfaring på staden og diskusjon knytt til tiltaket som skal utførast.
- 2)Utarbeide vurdering av og forslag til løysing på dei problema knytt til avrenning/ureining av Vågseidvatnet som tilføring av masse sannsynleg kan føre til.
- 3)For å ha eit nivå å vurdere utviklinga på bakgrunn av, bør nivået på ureining/humus på staden før tiltak vert sett i verk, vere klarlagd.
- 4)Oppdraget må vere ferdig så snart som mogeleg.

Bakgrunn:

Oppdraget er knytt til at Nils Markus Bakke ynskjer å ta imot jord og stein frå anlegga på Mongstad og nytte desse massane til å omdanne eit skog- og utmarksareal til fulldyrka jord. Før teknisk avdeling kan take stilling til om dei kan tilrå tiltaket, treng dei tryggleik for at tiltaket ikkje fører til uønskt tilføring av humus og andre partiklar til Vågseidvatnet. Vatnet vert i dag ført til Mongstad og nytta til prosessvatn. Det er også planar om at vatnet kan nyttast til drikkevatn. Det er i høve til dette ein må vurdere vasskvaliteten.

Vågseidvatnet er stort. Rundt vatnet ligg det landbruk i full drift både med jord og skog. Elles er det utmark og myr. Det er såleis mange kjelder til uønskt avrenning. I kartleggingsfasen vert det viktig å freiste finne ut kva som kjem frå området som no skal takast i bruk til dyrka mark, og korleis ein i anleggsfasen kan sikre at ein ikkje legg skulda for ureining urettvist på det tiltaket som her skal gjennomførast.

Lindås kommune v/leiar for teknisk drift Arne Eikefet skal dekke kostnadane med oppdraget. Ein syner til mail datert 15.04.2015 der førebels vurdering av kostnadane tilseier at oppdraget ikkje skal overstige kr.25000,-. Dette vert sett på som limit for oppdraget.



Ein ber med dette om tilbakemelding, der det og går fram på kva måte konsulentfirmaet tenkjer seg å løyse oppdraget, og kva tid ein reknar med å kunne ha eit ferdig resultat.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rådgivende Biologer AS v/Geir
Helge Johnsen

Bredsgården,
Bryggen

5003

BERGEN